Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Nord Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Grong.

Emne: Gamal engkultur. | Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken. | Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim | G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i Namdalen hadde ein 2 nemningar om enget på innjorda. Det var åkra ~~og~~ snauenget. Åkra - åkrån - var den del av enget som var igjenlatt etter å ha vore åker og snauenget var bakkar som var rydda men aldrig brukt som åkerland. Snaueng som låg innetil garden kunde bli tjukkån og vart kalla t.d. „tjukkengvollen". Höyet hadde namn som „gropåkkerhöy" og „finåkkerhöy" og so var det „~~snauhöyet~~" på snauenget. Her i bygda var det ikkje anna enn langorveslått.

2. På snauenget måtte kvist og rask ryddjast burt kvart år. Dette vart gjort strakes etter våronna. Nyvakster som rann upp vart gjerne nedslått med ljåen når ein slog graset. Kvisten etter rydning la ein i hang, „vathang" kalla og vart brent. Steinrydning i utslattene vart gjort i fyrste omgong men ellers grodde steinen ned om nokre år. På nyåkrar etter å ha vore åker måtte all stein ryddast vekk. Dette vart kalla „å stein åkra".

2481

3. Massen på snauenget vart det ikkje gjort nokko med og heller ikkje vart det sådd grasfrø på snauenget eller gamle åkrar.

4. Nokko arbeid med å leida vatn ut av vassjuk jord vart det so vitt ein veit ikkje gjort i den eldre tid og heller ikkje vart vatning gjort på nokko eng i denne landslut.

5. Uteng og utslåttar vart aldrig gjødsla. Derimot kunde ein gjødsla nokre gamle åkrar men elles vart gjødsla brukt på åkrane. Når ein gjødsla gamle åkrar spreidde ein gjødsla frå vogna med ein greingaffel og tyndt utgjever åkrån.

6. Fraining og frainfor kan ein ikkje minnast å ha ~~høyrd nemnt~~ i bygda her.

7. At lensi vart sett slik at frainvatnet skulde siga utover enget vart ikkje gjort. Det er forresten mest flatlendt jord her i indre Namdalen.

8. Overgjødsling av gamle åkrar vart gjort mest um hausten. Um våren harvde dei i bjørk med kvistane på for å smuldra gjødsla.

9. Både snauenget og åkrån var beitelande um hausten. Buskapen gjekk på håa so lenge ho vara gjerne til ut i oktober. Då vart han innsett til vinterføring. Vart det forløysa um våren måtte det også beitast då. Denne beiting hadde ikkje nokko med gjødsling å gjera.

10. Utenga er no teken i bruk som kulturbeite og på dette beite går buskapen



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

heile summaren. Snaumgt vert då delt upp i teigar og beitinga skiftar millom teigane.

11. Nakka utjamning av gjødsla etter buskapen på beitlandet såg ein aldrig at det vart brukt.

12. Summarfjós var det på kvar gard og på mangi gardar var der fleire der buskapen vart „kjørd inn" um natta. Gjødsla frå dessi utfjósa „summardynna" vart brukt på akrum.

13. I den seinare tid går buskapen ute på beitlandet døgnet rundt og nokko innhegning (kve) vert ikkje brukt. Men i den eldre tid kunde dei ha kve åt sauane. Forsten måtte sauene også inn nattestider i den eldre tid då ein var plaga av udyr.

2481
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING